

bt.no/NA24/: Her finner du de aller siste næringslivsnyhetene

d som aldri før

Internasjonalt er nordmenn rekna for å vera blant verdas mest attraktive kjøparar av feriehus. Det seier ekspert på utanlandsk eigedom, Rolf Christensen.

– Nordmenn blir sett på som ekstremt attraktive fordi dei generelt er ærlege, pålitelege og har god forretningsskikk – kvalitetar som meir eller mindre blir sett på som kulturelle kjenneteikn, seier Christensen til Boarding.no. Rolf Christensen er europeisk salsdirektør i verdensspennande MRI Overseas Property.

Forbrukerrådet ber nordmenn

tenkja nøye gjennom ein del forhold før dei investerer i eigedom i utlandet. Blant anna eigedomsmeklaren si rolle, skattespørsmål, og om seljaren verkeleg eig salsobjektet.

Gå klar dobbeltskatt

Den som eig bustad i utlandet, må ofte betala skatt til landet der eigdommen er, i tillegg til at det skal betalast skatt til Noreg.

For å unngå dobbeltskatt kan ein nytta seg av det såkalla kredittfrådraget i sjølvmeldinga. Dermed kan ein føra inntektskatten som er betalt i utlandet

til frådrag. Men frådraget kan ikkje bli høgare enn den norske skatten, presiserer Skattedirektoratet.

Folk som investerer i bustad i utlandet bør konsultera instansar med erfaring på området i forkant. Dersom det til dømes blir kravd forskotsbetaling, bør det krevjast bankgaranti for forskotssummen. Ein bør også ta vare på bevis for at summen er betalt til seljaren.



PRIVAT FOTO

timann i Bergen til han i fjor tok permisjon for å driva eigedomsutvikling i Brasil.

Alt før Brasil Invest Gruppen i

april i år lanserte prosjektet Catu Residence, kom brasilianske MB Engenharia og ville kjøpa 650 av dei 740 leilighetane. Ifølgje Tiller

har prosjektet vekt oppsikt i Brasil, blant anna fordi det har ein «norsk» profil med småbåt- og skjergardsfasilitetar.

Kø av uløyste spørsmål

Utfordringane står i kø for forskarane som skal avdekkje kva som er berekraftig oppdrett.

OGNE ØYHAUG

ogne.oyehaug@bt.no

Kor mykje oppdrett toler eit fjordområde før det går ut over fiskehelse og miljø? Det er prinsippet Mattilsynet vil styre forvaltninga av oppdrettsnæringa etter.

Å regulere veksten i oppdrettsnæringa etter dette prinsippet vil krevje meir kunnskap om fisk og fjord enn vi har i dag, meiner Øivind Bergh, faggruppeleiar ved Havforskningsinstituttet.

I dag brukar Havforskningsinstituttet kring 70 millionar kroner året på forskning retta mot oppdrett.

Bergh listar opp fem punkt der det må meir kunnskap til, før forskarar og styresmakter veit kor mykje oppdrett eit område kan bere.

■ Organiske utslepp. Dette er avføring frå fisk og fôr som fell gjennom oppdrettsanlegga

utan å bli snappa opp av svolten oppdrettsfisk.

– Før eller seinare går du over ei grense der dette blir ein uakseptabel påverknad av miljøet, seier Bergh.

■ Lakselus. Den vesle krepsearten er ei plage for oppdrettsfisk og eit dødeleg trugsmål mot vill laks og sjøauare.

– Vi trur den langsiktige løysinga er ein vaksine, seier Bergh.

Vaksineutviklinga er eit omstendeleleg forskings- og utviklingsarbeid som alt har vart i seks år.

■ Sjukdom. Kor lenge overlever virus og bakteriar i sjøen og korleis kan dei overførast mellom oppdrettsfisk og villfisk?

■ Straumtilhøve. Berre i eit fåtal fjordar er straumtilhøve godt kartlagde. Avgjerande kunnskap for å kartlegge korleis smitte og lakselus kan spreie seg.

■ Klimaendringar. Korleis vil dei slå ut på effekten oppdrettsnæringa har for miljøet.

Byggjer ny sildegigant

Austevoll Seafood byggjer opp ein konkurrent til Norway Pelagic.

OGNE ØYHAUG

ogne.oyehaug@bt.no

Selskapet er heil- eller deleigar i fire silde- og makrellindustri-bedrifter, ei av dei i Shetland. Heretter skal alt sal skje gjennom nyskipa Atlantic Pelagic, som vart presentert då Austevoll Seafood la fram resultatet for første halvår i går. Med ein produksjonskapasitet på 200.000 tonn i året pustar Atlantic Pelagic konkurrenten Norway Pelagic i nakken. For kort tid sidan var denne industrien dominerte av mange

resultat 1. halvår/**Austevoll Seafood ASA**

	2007	2006
Driftsinntekter:	1734	757
Driftsresultat:	301	59
Resultat før skatt:	253	66

Tal i millionar kroner

små selskap. No er Atlantic Pelagic og Norway Pelagic blitt dei to store. Akkurat som Norway Pelagic – der Domstorkonsernet er storeigar – varsalar Atlantic Pelagic at det vil kome fleire oppkjøp og samanslåingar i industrien som vida-reforedlar pelagisk fisk til menneskeføde.

Nedgang for SKL

Stor produksjon, men resultatnedgang for Sunnhordland Kraftlag. Årsak: låge kraftprisar.

OVE A. OLDERKJÆR

ove.olderkjaer@bt.no

Stord

SKL opna den nye kraftstasjonen Blåfalli Vik i juni og auka totalproduksjonen frå 711 til 1007 GWh første halvår i år samanlikna med same periode i fjor. Likevel fall driftsinntekter og resultatet.

Slik måtte det gå når gjennomsnittspotpris i år har vore 19,6 øre pr. kWh, mot 35,8 øre i fjor.

resultat 1. halvår/**SKL**

	2007	2006
Driftsinntekter:	329	340
Driftsresultat:	162	181
Resultat før skatt:	157	192

Tal i millionar kroner

I styret si melding for første halvår går det fram at resultatet for heile 2007 ligg an til å bli dårlegare enn for 2006. Dette trass i høg produksjon og ein forventa auke i spotprisen for kraft mot slutten av året. SKL har for tida magasin-fylling over det normale.

BERGEN BILUTLEIE



BEHOV FOR LEIEBIL?

Se: www.bergenbilutleie.no
eller ring tlf. 55 13 31 32.

Adr. Fanaveien 15 - 5221 Nesttun